



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 26.01.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	695/10	020	FSK/FEL/VIST/esl	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 15.01.10

Desse møtte: Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal, Andreas Langeland, Ingunn Martinsen, Jostein Gjerstad, Ida Marie Kjærefjord Lavik, Hanne Storesætre, Torstein Flakke, Tony Andre Gundersen, Helge Hauge og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Amalie Helland og Helene Flakke

Tid: kl. 18.00

Stad: Tysneshallen, møterom

Sakliste:

1. Opning
Hanne opna og leia møte.
2. Godkjenning av innkalling
Innkallinga vart godkjent
3. Godkjenning av dagsorden
Godkjent
4. Godkjenning av referat 05.12.09
Referatet vart godkjent
5. Statusrapport økonomi
Totalt er det gjort innkjøp i 2009 for kr 24.932,75. Projektor og lerret kr 9.432,75, lydanlegg, dvdspelar og blu ray kr 13.100,-. Hotell- og konferanseavgift Ungdommens Fylkesting kr 2.400,-. Truleg kan kommunen få alt med i budsjettet for 2009.
6. Handsaming av sakliste
 - a) Ungdomsklubb – aktivitetar, innkjøpsliste, økonomi, samarbeidsavtale.
Hanne og Andreas undersøker priser på biljard/airhockey kombibord hos lokale og regionale forhandlarar.

Bordtennisbord i Tysneshallen vert ikkje brukt. Dette kan ungdomsklubben få låna dersom det skulle verta aktuelt.

Stikkontakter til filmframsyning, Jostein sjekker med Tiko.

Tysnes ungdomslag skal ha klubblokala ferdig oppussa i løpet av februar.

Helge meinte det ville vera greitt, å ha opning i vinterferien (veke 9). Då er mange ungdommar heime og ønskjer aktivitetar. Ungdomsrådet meinte dette var ein god idè som dei vil følgja opp.

Det må lagast blest om opninga i alle kanalar - med plakatar, gjennom Tysnes, Facebook, kommunen si heimeside og Tysnesingen. Alle marknadsfører ungdomsklubben i sine miljø.

Tysnes ungdomslag har ikkje gjeve tilbakemelding om framdrift og avtale. Hanne kontakter Trond Tvedt, leiar i ungdomslaget, og inviterer han til neste møte.

b) Informasjon om eventuelle saker i politiske utval

Hanne møter i formannskapet 19. januar der m.a. følgjande saker skal handsamast eller drøftast: Miljøfyrtårn som verktøy i miljøleiving, Kommuneplan for Tysnes 2010-2022 og Beach handball.

2. Ymse

- Veronika og Ida Marie er påmelde til Ungdommens Fylkesting. Tal på kilometer og kvitteringar må takast vare på slik at utgiftene kan dekkast av ungdomsrådet.
- Tysnes Sparebank delar ut midlar til lag og org., søknadsfrist 20. januar. Veronika sender søknad.
- Bandøvingslokale kan verta vanskeleg å få realisert, både på grunn av mangel på lokale og høge kostnader til utstyr. Helge trudde Ole I. Sunde har planar om utleige av bandøvingslokale. Ida Marie kontakter Sunde.
- Alt innkjøpt utstyr til ungdomsklubben vert lagra på rådhuset. Jostein og Tony André vil kontrollera at innhaldet er i samsvar med bestillinga. Avtaler nærare tidspunkt med Vibeke.

Vibeke Øxnevad Stoltz
referent